



Rundt og under Grana er det eit klårt ryddebehov (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen utvikling inviterer til ryddedugnad på tysdag kl. 18.00 i neste veke.
Styret og arbeidsgruppene vil rydda rundt Gamleskulen
og på plassen rundt Grana og Bautasteinen**

Vi veit at styret i Uskedal Friluftslag legg opp til rydding på Stemneplassen.
uskedalen.no har merka seg at det er starta rydding på privat tomt i sentrum.
Det er svært postivt når grunneigarane tek ansvar for sine areal.

Bak Helgheim og ved rullestolinngangen har det nokre veker vore skjemmande avfall.
Om ikkje dette alt er fjerna, reknar vi med at det vert gjort før nasjonaldagen på torsdag.

Styret er takksam om alle tek omsyn til dette arbeidet
og ikkje brukar sentrum til langtids- og mellombels parkering i denne veka

Dei som vil bruka litt tid på ryddig, ta med kost, brett, rive og grafsebrett.

Uskedalen utvikling
styret